



Fråsegn til offentlig ettersyn og høyring av detaljregulering for fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus, Bremanger kommune

Revisjon	Revisjonen gjeld	Dato 21.03.2024	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av
Tittel: Fråsegn til offentlig ettersyn og høyring av detaljregulering for fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus, Bremanger kommune		Antal sider: 40	Entreprise:		
		Produsent:	 		
		Produsent dok.no:			
		Erstatning for:			
		Erstattast av:			
Prosjekt: 1350032163	Dokument-/teikningsnummer:		Revisjon:		
Parsell:					
	Drifts dokument-/teikningsnummer:		Revisjon drift:		

Fv. 614 Svelgen - Indrehus	Fråsegn til offentlig ettersyn og høyring av planforslag	Side: 2 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
----------------------------	--	--

INNHOLDSFORTEGNELSE

1	MYNDIGHEITER	3
	Bergen sjøfartsmuseum,	3
	Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), 03.02.2023	3
	Gravferdsmyndet i Bremanger, 03.02.2023	4
	Kystverket, 21.12.2022.....	4
	NVE, 25.01.2023	4
	Statens vegvesen, 22.12.2022	6
	Statsforvaltaren i Vestland, 28.02.2023	6
	Vestland fylkeskommune kultur, idrett og inkludering, 27.01.2023.....	12
	Vestland fylkeskommune plan, klima og analyse, 02.02.2023	13
2	ORGANISASJONAR, LAG OG FORENINGAR	15
	Bremanger næringsråd, 27.01.2023.....	15
	Bremanger Arbeidarparti, 08.02.2023.....	17
	Norges Automobil-Forbund (NAF)	18
	Svelgen Opp og Fram, 31.01.2023.....	18
	Steinvik fiskefarm AS, 06.02.2023.....	18
3	GRUNNEIGARE, PRIVATPERSONAR	20
	Inger Rise Hallset, 06.02.2023	20
	Jostein Eimhjellen, 27.01.2023.....	24
	Marit Øvrebotten Myrhol og Olav Myrhol, 05.02.2023.....	24
	Per Erik Rise, 05.02.2023.....	24
	Rakel Rise Hallset	28
	Rikke Rise Hallset	32
	Runar Rise Hallset	32
	Ronny Ferstad.....	33
	Sandvika bustadsfelt, 31.01.2023.....	33
	Trond Kvellestad	34
	Gunnstein Indrehus, 06.02.2023	36
	Kari og Atle Rise, 06.02.2023	37
	Kristoffer Rise Kvellestad	39

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 3 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

1 MYNDIGHEITER

Bergen sjøfartsmuseum, 20.12.2022	<p>Sjøfartsmuseet kjenner til kulturminne innanfor planområdet, dette ligg ved utløpet av Vasselva, Indrehus. Kulturminnet er ei ballastrøys (Askeladden ID: 128564-1). Slik museet kan sjå så vil ikkje denne lokaliteten råkast av tiltak då deponi er planlagt å leggjast lenger aust. Museet kjenner ikkje til andre marine kulturminne innanfor området.</p> <p>Museet gjer merksam på at det likevel er mogleg at de ligg andre kulturminne i det aktuelle området. Tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.</p>	<p>Kulturminnet (ballastrøysa) ved utløpet av Vasselva er sikra på plankart med omsynssone H570 og med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føresegn med punkt 2.5 inneheld ei formulering om at Bergens sjøfartsmuseum skal ha melding viss ein under anleggsarbeid skulle støyta på automatisk freda kulturminne.</p> <p>Innspelet blir teke til orientering.</p>
Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), 03.02.2023	<p>Direktoratet for mineralforvaltning gav fråsegn til oppstart av planarbeidet, der direktoratet blant anna oppmoda om størst mogleg grad av utnytting av masseoverskotet frå tunneldrivinga, framfor deponering. DMF tek til etterretning at det i prosjektet ikkje blir lagt til rette for større utnytting av ressursane i noverande situasjon, men legg til grunn at det kan vere mogleg å få lagt til rette for seinare bruk av deponerte massar. DMF gjer oppmerksam på at det no blir liggande eit større volum med eigna byggeråstoff på deponi, og at moglegheita for å nytte massane etter at dei blir lagt i deponi no vil vere knytt til andre rammar innan forureining- og avfallsregelverk enn dersom det hadde vore lagt til rette for utnytting direkte frå vegprosjektet.</p>	<p>Det er to bedrifter som hentar ut sandstein i regionen; Bremanger Quarri i Bremanger (Dyrstad) og Norwegian Sandstone eksport AS i Florø (Seljestokken). For å frakte stein til desse lokalitetane er det naudsynt å bygge utskipingskaier for lastebåt og etablere knuseverk. Dette er omfattande både for miljø (gyteområde for torsk), støyforureining frå knuseverk og/eller omfattande transport og kostnad. Bremanger Quarry har knuseverk inne i fjellet. For å kunne nytte seg av massane ville det har vore naudsynt å transportere desse opp på fjell for tømning i sjakta.</p> <p>Det har og vore dialog mot andre aktørar i Svelgen og ved Indrehus. Breivika eigeidom i Svelgen har planar om vidare utvikling av næringsområde i Breivika. For å få til dette, så må det fyllast massar i sjøen. Indrehus bruk på Indrehus har ønskjer om å utvide kai-anlegg sitt. For å få til dette må det fyllast ut i sjøen og byggjast ein ny molo.</p> <p>Sidan godkjende planar for dei private aktørane ikkje er på plass og fordi det ikkje vil lønne seg økonomisk og miljømessig å</p>

	Oppsummering av fråsegn til offentleg høyring av planforslag	Side: 4 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
		<p>transportere massar til Bremanger Quarri eller Norwegian Sandstone, så er vurdert at steinen frå dette prosjektet må plasserast i deponi. Deponia er òg ein ressurs som kan opnast opp for nyttegjering av massar seinare om ønskjeleg.</p> <p>Ein god del av steinmassane som vert teke ut frå prosjektet skal nyttast igjen som overbygningmassar for veg i dagen og i tunnelane. I tillegg vil det gå med massar i oppbygging av nye vegfyllingar. Dersom ein over tid ser behovet for å ta ut steinmassar til prosjekt i området, kan det vere aktuelt å opne oppatt deponiet i Myklebustdalen og hente ut steinmassar her. Det må då lagast eigne uttaksplanar (reguleringsplan) for dette.</p>
Gravferdsmyndet i Bremanger, 03.02.2023	Gravferdsmyndet minner om gravplassforskrifta § 1 og § 2 første avsnitt, og ber om at innhald i nemnde paragrafar vert respektert og teke omsyn til, slik at det vert vist tilstrekkeleg respekt for Rise gravplass sin eigenart og nytte. Gravferdsmyndet ber om at det ved utforming av området bør forsøke å få til mest mogleg avstand mellom påtenkt infrastruktur og sjølve gravplassen, slik at ein unngår for mykje uro inntil gravplassen.	Planforslaget tek omsyn til gravplassen på Rise ved å avsette ei buffersone mellom gravplassen og nytt næringsareal i vest, og mellom gravplassen og deponiområdet i aust. Det skal òg etablerast støyskerm/voll mot ny fylkesveg i vest og i nord. Gravplassen skal òg skjermast for støy i anleggsperioden.
Kystverket, 21.12.2022	Kystverket har vurdert planforslaget og har ingen vesentlege merknadar. For Kystverkets del kan planen førast fram til godkjenning.	Innspelet blir teke til orientering.
NVE, 25.01.2023	<p>NVE har motsegn til reguleringsplanen. Grunnlaget for motsegna er at potensiell skredfare ikkje er utgreidd. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområde i arealplanlegging».</p> <p>Område omfatta av aktsemndkart for jord- og flaumskred er ikkje markert som omsynssone i plankartet. Det er dermed ikkje avklart reell fare, dvs. utarbeidd kart over areal som ikkje stettar</p>	<p>Det er utarbeidd en skredfarevurdering som vurderer skredfaren frå naturlig bratt terreng for fem områder i Svelgen-Indrehus, som ligger innanfor aktsemndsonar for skred. Det gjelder bustads- og fritidstomt på Klubben, kjettingplassar på Indrehus og på Rise og ein utfartsparkering i Risesvingen.</p> <p>Skredfaren er vurdert i henhold til krav til sikkerheit mot skred gitt i PBL og TEK17 kap. 7.3. Skredfarevurderinga konkluderer med at</p>

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 5 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>tryggleikskrava for skred mot veg, jf. tabell 1.7-1 Sikkerhetskrav for skredsannsynlighet på veg i N200 Vegbygging. Det er heller ikkje avklart reell fare i samsvar med TEK17 tryggleikskrava sine der det vert lagt til rette for stans, slik som oppstillingsplassar, rasteplassar med vidare. Planen fangar ikkje opp alle område med potensiell skredfare, og følgjer ikkje føringar for når, og korleis, fare skal avklarast.</p> <p>Regulert bustadtomt og fritidstomt ved Klubben ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Aktsemdområdet er ikkje markert i plankartet som omsynssone H310 Ras og skredfare. Det er heller ikkje gjennomført ei kartlegging av reell skredfare som friskmelder tomtene. NVE meiner det er ein vesentleg mangel ved planen at reell skredfare ikkje er avklart i samband med reguleringsplanarbeidet. Det er òg ei ytterlegare mangel at planen heller ikkje synleggjer den potensielle skredfaren. Fagkyndige må kartlegge skredfaren ved dei to tomtene på Klubben, og konklusjonane må innarbeidast i planen. Dersom skredfaren er reell, må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i TEK17.</p> <p>I dagsona ved Svelgen (Rise) er delar av planområdet faresonekartlagt, jf. NVE rapport 28/2017. NVE rår til å markere faresonene i plankartet som skilde omsynssoner ut frå sannsyn, med føresegnar til dei ulike omsynssonene.</p> <p>NVE rår til at avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire følgjer prosedyren i NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred, kapittel 3.2. NVE rår til at dokumentasjonen i planen vert utvida og at prosedyren sine steg vert følgt systematiske inntil skredfaren er dokumentert avklart.</p> <p>NVE har ikkje avgjerande merknader til vassdragstiltaka i reguleringsplanen.</p>	<p>kravet til sikkerheit S1 og S2 mot skred i bratt terreng i TEK§7-3 er oppfylt for fire av områdene (i Instevika og i Risesvingen) mens eit område ikkje oppfyller kravet (ved Kruna i Svelgen). Faresone skred (steinsprang) for området ved Kruna er lagt inn på plankartet. For dei øvrige lokalitetene er faresona justert/fjerna i tråd med tilråinga i rapporten.</p> <p>Skredfarevurderinga viser at bustads- og fritidstomt på Klubben ligg utanfor faresone for jord- og flaumskred.</p> <p>Metodikken til NVE i 1/2019 baserer seg på steg for steg for avgrensing av fareområder som i mange tilfelle passer betre for ravinert landskap på Austlandet eller Trøndelag enn terrenget på Vestlandet. Metodikken gjeld også berre for vurdering av områdestabilitet, og grunnboringar kjem først inn i steg 7. Fylkeskommunen borar alltid for slike planar iht. vegnormalane (N200), uavhengig av punkt 1-6. Når fylkeskommunen basert på boringane kan utelukke kvikkleire tenker vi at dette i mange tilfelle er tilstrekkeleg, utan å måtte gå gjennom punkt 1-6.</p> <p>Punkt 1-6 kan belyse områder utan for vår planområde som burde vore undersøkt. T.d. om vår plan ligg i eit utløpsområde for</p>
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 6 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
		kvikkleireskred. Men vi ser ikkje at dette er ein relevant problemstilling i denne planen. Vi ser at skildringa rundt kvikkleire i geoteknisk rapport kunne vore noko grundigare, og tar dette med oss til andre planarbeid. Men vi ser ikkje at usikkerheiter knytt til kvikkleire i denne planen er av ein slik karakter at ein bør revidere geoteknisk rapport.
Statens vegvesen, 22.12.2022	Arbeidet med reguleringsplanen starta i 2019 i regi av Statens vegvesen som før forvaltningsreforma etter avtale om sams vegadministrasjon med Sogn og Fjordane fylkeskommune og utførte detaljplanlegging på fylkesvegnettet. Etter forvaltningsreforma overtok Vestland fylkeskommune (VLFK) som vegeigar alt ansvar for planlegging, drift, vedlikehald og forvaltning av fylkesvegnettet. Det er difor VLFK som no legg reguleringsplanen ut på høyring. Vegvesenet føreset at reguleringsplan er utarbeidd i samsvar med krava i handbok N100 og at eventuelle fråvik frå handboka har vore gjenstand for fråvikshandsaming hjå vegeigar.	Innspel teke til orientering.
Statsforvaltaren i Vestland, 28.02.2023	Statsforvaltaren i Vestland samordner uttalelser frå statlege styresmakter til kommunale arealplanar i saker der det er fremja motsegn. NVE har fremja motsegn mot planen på bakgrunn av at potensiell fare ikkje er utgreidd, og seier at dersom det vert gjort ei fagleg utgreiing av skredfaren og konklusjonane vert innarbeidd i planen fell grunnlaget for motsegna bort. Det er sagt i fråsegna at dersom kommunen dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik i planarbeidet, fell grunnlaget for motsegna bort. Statsforvaltaren avskjer ikkje motsegna frå NVE, og føreset at motsegna vert følgt opp og avklart i direkte dialog med NVE.	<u>Motsegn NVE:</u> Innspel teke til orientering. Se også utsvar til NVE, 25.01.2023.

	<p>Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag</p>	<p>Side: 7 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024</p>
--	--	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p><u>YM-plan</u> Statsforvaltaren ser det som uheldig dersom avklaring av viktige plantema vert utsett til ein framtidig YM-plan, og ikkje vert endelig avklart gjennom ein reguleringsplanprosess. Statsforvaltaren legg til grunn at føringane for YM-planen i kap. 10.4 vert følgde opp.</p> <p><u>Massehandtering</u> Statsforvaltaren stiller spørsmål til om det er vurdert godt nok ulike alternativ for handtering av overskotsmassane i tråd med avfallspyramiden. Vi viser også til fråsegna frå DMF ved oppstart. Det er om lag 10 km frå tunellen til knuseverket ved Bremanger Quarry. Ved å frakte overskotsmassane hit og bruke dei som råvare for produksjon av byggeråstoff, kan ein redusere behovet for nye uttaksområde og unngå negative konsekvensar med deponering.</p> <p>Det er ønskeleg at krav til handtering av overskotsmassar etter forureiningslova vert avklart så tidleg som mogleg og koordinert med reguleringsplanprosessen. For at deponia skal vere ein del av massedeponeringa, må det søkjast om løyve etter forureiningslova, då deponia har stort omfang og kan føre til fare forureining. Dette er ein føresetnad for at deponia kan etablerast i tråd med forureiningslova § 32. Dette må vere avklart i god tid før oppstart. I god tid før anlegget startar opp må det vurderast om anleggsverksemda må ha løyve etter forureiningslova § 11.</p> <p><u>Naturomsyn -</u> Ny landbruksveg (SKV28) på Rise har nærføring til omsynssone H560 med fossegrimemose. Føresegnssområde #15 grensar heilt inn til omsynssona, og nær inntil registrerte veksestader for fossegrimemose og gullhårmose. Statsforvalteren rår sterkt til å fjerne skogsvegtrasé SKV28 og tilhøyrande anleggsområde #15 eller flytte vegen lenger nordover. Omsynssona rundt fossegrimemosa må aukast til minst 60 meter.</p>	<p><u>YM-plan</u> Føresegna sett krav om at føringane for YM-plan i kap. 10.4 skal vert følgde opp.</p> <p><u>Massehandtering</u> I prosjektet har det vært sjekket ut med de aktuelle aktørane i området, om det er aktuelt å ta i mot steinmasser til knusing for produksjon av byggeråstoff. Sidan godkjente planar for dei private aktørane ikkje er på plass og fordi det ikkje vil lønne seg økonomisk og miljømessig å transportere massar til Bremanger Quarri eller Norwegian Sandstone, så er vurdert at steinen frå dette prosjektet må plasserast i deponi. Deponia er òg ein ressurs som kan opnast opp for nyttegjering av massar seinare om ønskjeleg. Se også utsvar til Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), 03.02.2023.</p> <p>Prosjektet vil sørge for nødvendig løyve etter forurensningslova §§ 11 og 32 før deponiområda tas i bruk. Det er lagt inn henvisning til §§ 11 og 32 i føresegna.</p> <p><u>Naturomsyn</u> Vi viser til dialogmøte og tilbakemelding gitt 19.03.2024. Skogtraseen biholes, og avbøtande tiltak som nemnt frå Statsforvaltaren er tatt til følgje og innarbeidet i planen jf. Vedlegg «tilbakemelding – Bremanger – fv614 – Svelgen – Indrehus – detaljreguleringsplan».</p>
--	--	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 8 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>Statsforvaltaren kommenterer at det ikkje bør merkast av noko i «mosas nedre vekstgrense» (jf. kap. 6.3 i naturmangfaldrapporten), da grensa for inngrep må flyttast lengst mogleg vekk frå førekomstane. Merking må skje langs yttergrensa til omsynssonen, og innanfor denne skal det ikkje være inngrep eller ferdsel i anleggsperioden. Statsforvaltaren rår også til å rette opp føresegnene til meir bindande form, med skal-formuleringar fram for bør-formuleringar. Dette gjeld m.a. om plassering av støvgardin og måling av vindstyrke.</p> <p>Statsforvaltaren registrerer at den større eika og asketrea som står innafor det planlagde næringsområdet BN ikkje kvalifiserer til status som utval naturtype.</p> <p><u>Vassdrag</u> Statsforvaltaren minner om at vassdragstiltak som erosjonssikring og endring av bekkeløp skal leggast fram for NVE som førsteinstans. NVE skal vurdere om dei fysiske inngrepa i vassdraget er konsesjonspliktige, jf. § 8 i vassressurslova.</p> <p>Statsforvaltaren legg til grunn at kantvegetasjon rundt vassdrag vil verte fjerna berre der det er naudsynt, og minner om at det må søkjast til Statsforvaltaren for fjerning av kantvegetasjon og at tiltak i vassdrag må avklarast etter vassressursloven og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.</p> <p>Statsforvaltaren saknar konkretisering av korleis føresegna § 2.7 skal sikrast og følgjast opp.</p> <p>Statsforvaltaren ser det elles som viktig at planen har tilstrekkelege krav og tiltak som sikrar mot avrenning med partiklar til vassdraga. Statsforvaltaren rår til å settje krav om oppfølgande undersøking (elektrofiske) like etter tiltak.</p>	<p>Føresegna § 5.1.5 til sikringszone H190 (sikringszone fossegrimemose) og § 5.3 bevaring naturmiljø H560 inneheld skal-formuleringar.</p> <p>Denne delen av innspelet tas til orientering.</p> <p><u>Vassdrag</u> Innspelet tas til orientering. Prosjektet vil sørge for de nødvendige konsesjonane og løyve etter vassressurslova.</p> <p><u>Oppfølging</u> av føresegna § 2.7 må konkretiserast i YM-plan, basert på omtale i planomtalen kap. 10.4.</p> <p>Føresegna § 2.7 still krav til overvaking av vasskvaliteten i vassdrag gjennom anleggsfasen. Det er vurdert som ikkje hensiktsmessig å låse overvakinga til en spesiell metode, da det</p>
--	--	--

	<p>Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag</p>	<p>Side: 9 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024</p>
--	--	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p><u>Landbruk og jordvern</u> Statsforvaltaren kan ikkje sjå at trong for varig omdisponering av jordbruksareal er kvantifisert, eller at konsekvensar for aktiv jordbruksdrift er skildra i planen. Ei talfesta oversikt over anslått berørt, tilbakeført og permanent omdisponert jordbruksareal og ei skildring av driftsstatus for areala burde vere med i ein slik plan, eller i eit tematisk vedlegg.</p> <p>Det er vanskeleg å sjå eit alternativ til løysinga som er velt dersom hovudmålet med prosjektet og planarbeidet skal nåast, men av omsyn til nasjonal jordvernpolitikk og -omsyn bør prosjektet minimalisere omdisponeringa av jordbruksareal ved utforming og kompenserande tiltak.</p> <p><u>Støy -</u> Føresegnene § 2.2 må utformast slik at departementets støyretningsliner for planlegging blir juridisk bindande med vekt på å gjere støygrensene bindande for planen. For uteopphaldsareal skal føresegna utformast slik at «uteopphaldsarealet skal ha støynivå under grenseverdien for..», ikkje at det «bør leggest vekt på..».</p> <p>Det må gjøres en nærmere vurdering av støyskjermende tiltak for bustaden på g/bnr 38/149, i ei høgd på 4 meter over grunnen. Denne vurderinga må også sjå på om det skjerma arealet er egna til og stort nok for leik og uteopphaldsareal.</p> <p>To fritidsbustader får uakseptabel trafikkstøy på uteareala. Tiltak skulle ha vore vurdert og konkretisert i reguleringsplanen.</p>	<p>kan ha skjedd endringar i fagleg praksis når vegen skal byggjast ut.</p> <p><u>Landbruk og jordvern</u> Inspillet tas til følge I planbeskrivelsen er det utarbeidet en oversikt over dagens jordbruksareal, areal som blir berørt av anleggfasen og en kvantifisering av jordbruksareal i permanent situasjon. Det er satt krav til matjordplan, og denne vil mer detaljert beskrive og kartlegge matjorda som blir berørt innenfor planområde.</p> <p>.</p> <p><u>Støy</u> Føresegnene § 2.2 er endra slik at departementets støyretningsliner for planlegging (T-1442/2021) blir juridisk bindande for planen.</p> <p>Det er utarbeidet en supplerende støyutredning som gjør en nærmere vurdering av behov for støyskjermende tiltak for gbnr 38/149. Utredningen konkluderer med at det må etableres en støyskjerm på 2 meter for å skjerme bustaden og uteopphaldsareala for støy. Støyutredninga vurderer også</p>
--	--	--

	<p>Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag</p>	<p>Side: 10 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024</p>
--	--	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>Statsforvaltaren legg til grunn at støydemping for den kommunale gravplassen er løyst, og minner om at gravplassen skal vere eit stille område.</p> <p>Gardstunet ved rundkøyringa på Rise er også støyutsett. Dersom det framleis skal bu folk her fram til næringsarealet vert realisert, må også denne egedommen sikrast mot støy. Konkrete tiltak må innarbeidast i planen.</p> <p><u>Næringsområdet på Rise</u> Statsforvaltaren rår primært til å avklare utlegging av eit nytt næringsområde gjennom det pågåande arbeidet med arealdelen, med konsekvensutgreiing der behovet, verknader for ulike interesser og fleire alternativ vert vurdert samla.</p> <p>Statsforvaltaren legg til grunn at det ikkje er aktuelt å etablere detaljhandel i dette området, i strid med den regionale handelsføresenga for Sogn og Fjordane. Det er eit krav som vi føreset vert presiserast i føresegnene.</p> <p><u>Gravplassen på Rise</u> Reguleringsplanen legg til rette for etablering av eit nytt næringsområde på Rise, vest for Svelgen gravplass. Det er viktig at gravplassen blir skjerma mot forstyrrende aktivitetar og støy. For å skjerme gravplassen bør arealet LF02 heller bli regulert som ei bufferson mellom gravplassen og næringsområdet, til dømes som grønstruktur. Det bør bli sett krav til vegetasjon i føresegna. Buffersona kan òg med fordel vere større.</p> <p>Det planlagde deponiområdet aust for gravplassen vil kunne medføre problem med støy og støv for gravplassen. Mens deponiet er aktivt, er det viktig at det er god dialog med lokal gravplassmyndigheit. Ved gjennomføring av gravferd bør støyande aktivitet stoppast.</p>	<p>situasjonen for trafikkstøy ved fritidsbustadene og konkluderer med at det ikkje er behov for skjermingstiltak her.</p> <p>Støyutredninga konkluderer med at etablering av støykjermingsvoll på 1,5 meter ved gravplassen er tilstrekkeleg for skjerming iht krav til stille områder i T-1442/2021.</p> <p><u>Næringsområdet</u> Næringsområdet på Rise er lagt inn i planen etter dialog og ønske frå Bremanger kommune. Det er ikkje aktuelt å etablere detaljhandel innafor området. Det er lagt inn ein formulering i føresegna om at detaljhandel ikkje er tillatt innafor næringsområde BN.</p> <p><u>Gravplassen på Rise</u> Innspelet tas til følge, og arealet mellom gravplassen og næringsområde har blitt endret fra friluftsmål til blågrønnstruktur.</p> <p>Det er utarbeidd ein oppdatert støyutgreiing som konkluderar med at støykrav er ivaretatt på gravplassen.</p>
--	--	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 11 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>Gravplassar er i T-1442 definert som stille område. God støyskjerming er svært viktig.</p> <p><u>ROS</u> Statsforvaltaren ser seg samd med NVE sine merknadar til planforslaget, inklusive framlegget til motsegn. Statsforvaltaren har kommentarar til det som gjeld krav til oppfølging av uakseptabel risiko frå ROS-analysa. Kapittel 7 oppsummerer avdekte risiko- og sårbarheitstilhøve med ein oversiktleg tabell over uønskete hendingar med framlegg til risikoreduserande tiltak og tilhøyrande krav. Tabellane viser fleire hendingstypar som er vurderte til å medføre uakseptabel risiko, dvs. at «risikoreduserande tiltak er eit krav». For å sikre at desse krava vert juridisk bindande/innfridde, så må krav til oppfølging innarbeidast i planføresegnene. Det vil vere mest naturleg å innarbeide dette som rekkefølgjekrav i føresegnene slik at ein sikrar at naudsynte risikoreduserande tiltak er på plass før enten anleggstart og/eller før vegen vert opna for trafikk.</p> <p>Det bør òg stillast krav om at det for «gule område» i ROS-matrisa («tiltak skal vurderast») må vere eit krav om dokumentasjon på at slik vurdering faktisk er gjort.</p>	<p>Innspelet tas til orientering. Prosjektet vil etablere god dialog med gravplassmyndighet i anleggsfasen.</p> <p>Se utsvar til støy, over.</p> <p><u>ROS</u> Følgjande hendingstypar kor risikoreduserande tiltak er eit krav, er identifisert i ROS-analysa kap. 7:</p> <p><u>Heile veganlegget:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Gjerde ved stup: det er generelle føresegner til LNFR-områda om at turveger/stier som legges om skal sikrast med gjerder der dette er aktuelt/eit krav. - Sikker kryssing for turgåarar/husdyr/vilt samt flaumskred i Djupevika: i Djupevika blir tursti lagt om slik at turgåarar/husdyr/vilt kan krysse under brukonstruksjonen. Krav om sikring mot skred er sikra i føresegna § 5.1.2 – føresegner til aktsomhetssone på plankart. - Oljeutskillar utanfor tunnel: Føresegna § 2.7 stiller krav til ivaretagelse av økologisk tilstand i vassdrag. Tiltak mot forureining av vassdrag i anleggs- og driftsfasen vil også ivaretas i hhv. YM-plan og miljøoppfølgingsplan, jf. føresegna § 3.1 og kap. 10.4 i planomtala. - Kulvert for fiskevandring i Djupevikelva: er ivarettatt, jf. føresegna § 4.5.2. Det legges forøvrig opp til bru og ikkje kulvert over Djupevikelva. - Avrenning av partiklar frå deponiområdet i Myklebustdalen: formuleringa i føresegna er endra til «skal»-krav, for reinsing av overflatevatn frå deponiområdet jf. føresegna § 4.4.3 f). Det er også føresegner som stiller krav til etablering av anlegg for reinsing av overflatevatn frå deponi, jf. § 4.2.1.
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 12 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

		<ul style="list-style-type: none"> - Beredskap – større tankvogn: kan ikkje stilles krav om gjennom reguleringsplan. Kravet om tilstrekkeleg brannberedskap må løyses som en del av tryggleiksgodkjenning av tunnelane. - Kjettingplass: er prosjektert inn som en del av veganlegget. Helikopter kan lande her ved behov. <p><u>Tunnel:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tekniske krav til tunnel: brannsløkking/slukkevann/ventilasjon: vert handtert gjennom vegprosjektering etter handbøkene og gjennom tryggleiksgodkjenning av tunnelane. - Redusere risiko for møteulukke: krava vert ivareteke gjennom vegprosjektering etter handbøkene, samt gjennom bygging av veganlegget. - Sårbarheit ved spesielle vêrforhold: driftskontrakter – må takast med entreprenør, temperaturvarsling i brua – kan legge inn føresegner om etablering av avbøtande tiltak for varsling om ising og sterke vinder. / at det i byggeplan skal ses spesielt på tiltak mot dette. <p><u>Risiko i anleggsfasen:</u> Risiko i anleggsfase tilknytta anleggsgjennomføring vert handtert i SHA-plan og i byggherreoppfølging. Risiko tilknytta ytre miljø i anleggsfasen vert handtert gjennom utarbeiding og krav i YM-plan. Reguleringsplanen stiller krav om utarbeiding av YM-plan for risiko tilknytta miljøoppfølging i anleggsfasen. Risikoreduserande tiltak for å redusere øvrige risikohendingar i anleggsfasen er sikra i føresegna.</p>
Vestland fylkeskommune kultur, idrett og	Innanfor planområdet er det registrert eit kulturminne id. 273691, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd. Lokaliteten er eit stolpehol, datert til overgangen mellom vikingtid og tidleg mellomalder. Lokaliteten er automatisk freda og	Innspelet blir teke til orientering. Kulturminnet er merkte av i plankartet med føresegnområde #37. I føresegna står det at kulturminnet er frigjeve, utan ytterlegare

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 13 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

inkludering, 27.01.2023	<p>registrert i Riksantikvaren sin kulturminnebase «Askeladden». Det automatisk freda kulturminnet ligg på Rise, like sør for Svelgen i den nordlege delen av vegtraseen/ planområdet. Planen kjem difor i direkte konflikt med kulturminnet.</p> <p>Sett opp mot samfunnsinteressene der vegutbetringa vil bidra til nedkorting av reisetid, betre framkomst og auka trafikktryggleik, meiner fylkeskommunen at kulturminneinteressene i dette tilfellet kan vike. Det enkeltliggande stolpeholet var grundig dokumentert med den arkeologiske undersøkinga i 2020.</p> <p>Det frigjeve kulturminnet id. 273691 skal merkast i plankartet som område for føresegn med føresegnsgrense. Fylkeskommunen anbefaler å nummerere med #1 eller med id-nummer 273691. I føresegna til reguleringsplanen skal det stå at det automatisk fredag kulturminne merka som #1 eller id. 273691, er frigjeve utan ytterlegare vilkår gjennom planen.</p>	vilkår gjennom planen. Føresegna til #37 er supplert med ID-nummer 273691 – #37 er kulturminne med id. 273691.
Vestland fylkeskommune plan, klima og analyse, 02.02.2023	<p>Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld forankring i regional plan, val av føremål, kulturminne og kulturmiljø og vassforvaltning. Fylkeskommunen ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare:</p> <p><u>Regional plan</u> Følgjande regionale planar er viktige for denne reguleringsplanen og bør omtalast i kap. 5 og kap. 8 i planomtalen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utviklingsplan Vestland 2020–2024 2. Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 for Vestland vassregion 3. Regional plan for klima 2022–2035 <p><u>Planfaglege merknader</u> Fylkeskommunen oppmode til at det verte teke ein gjennomgang av LF01-10 og vurdering av om det er rett å bruke fritidsføremålet</p>	<p>Dei nemnde regionale planar blir innarbeidd i kapittel 5 og 8 i planomtalen.</p> <p>LF03 og 06–09 endrast til LNFR-føremål. Det er areala på Rise, mot Risesætra og Lendingen og dessutan til Kruna som blir foreslått regulert til friluftsføremål. Desse områda</p>

	<p>Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag</p>	<p>Side: 14 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024</p>
--	--	--

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>for disse areala. Fylkeskommunen oppmodar til at friluftsføremål berre vert brukt der det reelt sett er friluftsiinteresser som skal takast vare på.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> Automatisk freda kulturminne med Askeladden-id. 273691 – sjå fråsegn frå VLFK kultur, idrett og inkludering. Fylkeskommunen gjer likevel tiltakshavar merksam på at det framleis kan ligge ukjende automatisk freda kulturminne i planområdet, og viser til aktsomheitsplikta i kulturminnelova § 8 andre ledd.</p> <p>På Rise vil vegtiltaket få konsekvensar for to SEFRAK-registrerte gardstun, der det eine vert direkte råka. Det har vore drøfta å eventuelt flytte gardsfjoset som kjem i direkte konflikt med tiltaket. I den samanheng må ny plassering blir drøfta i høve til bygget sin funksjon.</p> <p>Ny fylkesveg blir liggande tett på bygg og steingard på gbnr 38/5. Desse husa er omkransa av fleire hus tilhøyrande gardsbruket og eit hageanlegg. Steingarden markerer eigedomsgrensa til nabobruket. Fylkeskommunen er positive til at dette miljøet vert sikra gjennom føresegner til planen.</p> <p><u>Vassforvaltning</u> Under kapittel 5 Planstatus og nasjonale føringar (planomtalen), bør vassforskrifta og regional plan for Vestland vassregion 2022–2027 nemnast. Det er viktig at elvekryssingane ikkje fører til at elvane må erosjonssikrast slik at elveløpa vert innsnevra.</p>	<p>er i planomtalen vurdert som viktige for lokalt friluftsliv. Ved utbygging av ny fylkesveg, blir det enda viktigare å sikre desse areala til friluftsliv, då den nye vegen vil medføre at eksisterande turstiar og buføringsvegar må leggast om, permanent eller mellombels.</p> <p>Føresegna § 2.5 seier at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga og Bergen Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.</p> <p>Føresegna § 6.2 b) inneheld ei formulering om at flytting av gardsfjoset skal flyttast i samråd med grunneigar. Legge til ei formulering om at ny plassering må drøftast i høve til bygget sin funksjon.</p> <p>Tunet på Rise-gardane på 38/5 og 35/1 blir ikkje involvert av sjølve fylkesvegen. Landbruksvegen mellom gardane blir noko utvida, for å betre legge til rette for landbrukskøyretøy og tømmerdrift. Steingarden blir bevart.</p> <p>Dei nemnde regionale planane blir innarbeidde i kapittel 5 i planomtalen.</p>
--	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 15 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

2 ORGANISASJONAR, LAG OG FORENINGAR

<p>Bremanger næringsråd, 27.01.2023</p>	<p>Fjern næringstomt ved gravplass og flytt rundkøyning nærmare gravplass slik at ein får ein større samanhengande og betre utnyttta næringsareal mellom rundkøyning og riksvegen i dag.</p> <p>Ein vil då unngå næring heilt inntil gravplassen og ein vil få litt meir grøntareal ved gravplassen enn det reguleringsplanen i dag viser. Ein oppnår då og eit større samla næringsareal nært knytt til næringsområdet i dag, der ein kan få positive effektar ved samlokalisering av tenester innan byggfag, røyr og elektro mm.</p> <p>Ny næring på Rise vil vere næring som i størst grad skal nyttast mot lokalmarknad i Svelgen. Det bør ikkje vere behov for utkøyrsløse frå næringsområdet direkte mot rundkøyning, noko som vil vere positivt for trafikktryggleik.</p> <p>Minst halve tomte som Steinvik eig bør i kommuneplanen sin arealdel blir endra til ordinær næringsbusetnad/lettare næring. Det må òg vurderast behov for offentlege funksjonar eller busshaldeplass i dette området nær rundkøyning.</p> <p>Rise vil bli eit framtidig knutepunkt, når trafikk ein dag skal utanom Svelgen sentrum. Sidan ein vil verne mest mogleg dyrka mark på Rise er arealet der avgrensa.</p> <p>Knutepunktet på Rise er strategisk viktig for framtidig etablering av handel og bedrifter som skal betene den lokale marknaden. Ei god plassering for slike verksemder vil vere avgjerande for at Svelgen får behalde mest mogleg tenesteytande næring/handel i framtida. Ei styrking av desse næringane, med mest mogleg lokale tilbod, er vesentleg for å lykkast med busetnad.</p>	<p>Bremanger næringsråd har sendt inn eit forslag om justering av veglinje for å kunne tilpasse for meir næring i tilknytning til etablert tomteareal på Rise, og samstundes då kunne ta ut føreslege næringsområde vest for gravplassen.</p> <p>Bremanger næringsråd har sendt inn eit forslag om justering av veglinje for å kunne tilpasse for meir næring i tilknytning til etablert tomteareal på Rise, og samstundes då kunne ta ut føreslege næringsområde vest for gravplassen.</p> <p><i>Konsekvensar for fylkesveg</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilnærma rett veg ut av tunnel. Ikkje ønskja med tanke på å unngå forbikøyning ved tunnelmunning og auka fartsnivå inn mot rundkøyninga. • Krappare kurvatur ut av tunnel gjennom Kruna vil medføre at tunnelprofilet vi måtte utvidast for å sikre stoppsikt gjennom kurven. • Kurvaturen gjev og utfordringar med krav til stoppsikt langs fylkesveg i området forbi landbrukskulvert • Tilkomstvegar inn i rundkøyning vil måtte bli justert slik skissa under syner for å få korrekt avbøying på tilfartar og utfartar. <p><i>Konsekvensar for gravplassen</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Nærføring til gravplass både i vest og nord <p>I planforslaget har det blitt fokusert å trekkje veglinjer lengst mogleg vekk frå gravplassen.</p> <ul style="list-style-type: none"> o I nord er gravplassen på det næraste 39 meter frå senterlinje ny fylkesveg. o I vest er gravplassen på det næraste 80 meter frå senterlinje ny fylkesveg.
---	--	---

Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag

Side: 16 av 40
Dok.nr.
Rev.:
Dato 21.03.2024

Avsender,
dato

Oppsummering av fråsegn

Vestland fylkeskommunes kommentar

Eit nytt næringsområde på Rise bør ligge i større grad synleg og opent og ikkje gøymt for ei rundkøyring bak dagens store murar som er kommen opp på området.

Svelgen er eit geografisk midtpunkt mellom Måløy og Eid i nord og Florø og Førde i sør, så her burde ein sjå eit potensial for nyetableringar som har heile regionen som arbeidsområde.

I kommuneplanen i dag (arealdel) manglar ein næringsareal til ordinær næringsbebyggelse og det har vore mangel på tomter for lokalt næringsliv i mange år. Det vil vere viktig å regulere næringsareal for mindre lokale føretak i framtida.



Med justert forslag vil veglinja ligg omlag

- o I nord 32 meter frå senterlinje ny fylkesveg.
- o I vest 54 meter frå senterlinje ny fylkesveg.

Det er strenge støyskjermingskrav mot gravplassen. Dette vil kreve etablering av vollar (kombinert med murar eller skjermar) for å sikre riktig nivå. Slik innspelet er skissert vil tilkomstveg og opning i støyskjerm/voll ligg med ein avstand på omlag 28 meter til grense gravplass.

I planforslaget er denne avstanden 53 meter. Justert forslag vil difor ha særns negative konsekvensar for støy mot gravplassen.

Konsekvensar for landbruksområder og grunneigarar:

Bandlegging av meir dyrka mark til veg og næringsformål er etter statlege planretningslinjer uheldig, og noko ein bør søke å unngå. Slik innspelet er skissert vil det medføre at meir innmarksbeite går med til vegformål og til næringsformål. Grunneigar på 38/5 vil få tilkomstvegen til Gunnar Schjelderupsveg nærare gårdstunet sitt.

Tomta til Steinvik Fiskefarm er i dag regulert til Industri/lager. Dersom det er ønsker om å etablere næring på dette området, så må det regulerast om til dette formålet. Slik tiltakshavar tolkar det, så ønsker ikkje Statsforvaltar og Bremanger kommune at det skal tilretteleggjast for slik næringsverksemd på dette arealet. Hovuddelen av merkningen inneheld innspel til strategiar for næringsutvikling i kommunen, og forslag til konkrete areal som kan avsetast til næringsbusetnad i revidert kommuneplan. Dette handlar difor ikkje konkret om tiltaket i denne reguleringsplanen. Innspel til kommuneplanen sin arealdel må spelast inn til kommunen som ein del av rulleringa av arealdelen, og vil ikkje bli løyst som del av denne reguleringsplanen.

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 17 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

		Tilråding; VLFK tilrår at løysinga for fylkesveg og sideveggar i Svelgen vert beholdt slik planforslaget syner. Innspelt vert såleis ikkje teke til følge.
Bremanger Arbeidarparti, 08.02.2023	<p>Bremanger Arbeidarparti viser til Svelgen Bygg sitt innspel (sjå Bremanger næringsråd).</p> <p>Bremanger Arbeidarparti foreslår å fjerne næringstomta ved gravplassen og flytte rundkøyning litt nærmare gravplassen slik at ein får eit større samanhengande og betre utnytta næringsareal mellom rundkøyning og fylkesvegen i dag.</p> <p>Ein vil då unngå næring heilt inntil gravplassen og ein vil få litt meir grøntareal ved gravplassen enn det reguleringsplanen i dag viser. Ein oppnår då og eit større samla næringsareal nært knytt til næringsområdet i dag, der ein kan få positive effektar ved samlokalisering av tenester innan byggfag, røyr og elektro mm.</p> <p>På denne måten vil ein få eit større og meir samanhengande næringsareal mellom rundkøyning og fylkesvegen i dag. Dette forutset vel og merke at ei slik justering ikkje vil vere i konflikt med gjeldande vegnormalar. Bremanger Arbeidarparti kunne difor ønskje at dette vart nærare belyst og vist i oppdaterte skisser.</p>	Sjå utsvar til Bremanger næringsråd, 27.01.2023.

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 18 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
Norges Automobil-Forbund (NAF)	<p>Strekninga fv. 614 Svelgen-Indrehus har vore ein flaskehals i mange år, med fleire ulukkepunkt. Det er difor gledeleg at vi er komne så langt at det ligg føre ein reguleringsplan, sjølv om det ikkje er utsikter til oppstart før tidlegast i 2027.</p> <p>På strekninga er det særleg Ytrehus og siste partia innover mot Svelgen som er dårlege. NAF ser det som positivt at desse strekningane vil verte fjerne med den planlagde langa tunnelen, og at vegen vert lagt utanom Svelgen sentrum. NAF er òg glade for at det vert lagt opp til utfartsparkering nord om Svelgen og kjettingplassar både før Magnhildskaret og før stigningane oppover mot Ålfoten.</p> <p>Reguleringsplanen ser ut til å ta godt omsyn til gåande og syklande med gong- og sykkelvegar, siktsoner i kryss mm. NAF meiner at den planlagde plasseringa av gong- og sykkelvegen ved rundkøyringa på Rise gjev god trafikktryggleik.</p> <p>NAF håpar at deponiet i Myklebustdalen kan ha kapasitet til massar i framtida dersom Kystvegen vert ein realitet.</p>	<p>Reguleringsplanen tek berre høgde for deponering av steinmassar i Myklebustdalen i forbindelse med bygging av ny fv. 614. Eventuell framtidig deponering av massar i Myklebustdalen i tilknytning til andre vegprosjekt må vurderast konkret i forbindelse med desse prosjekta.</p> <p>Merknaden blir elles teke til orientering.</p>
Svelgen Opp og Fram, 31.01.2023	<p>For Svelgen Opp og Fram er det viktig at kommunen legg til rette for areal for nyetablering, og stiller seg bak innspelet frå Eimhjellen og Vassbotten. For oss ser det ut som ein får nytte arealet godt om ein justerer framlagde plan og tilpassar den slik Eimhjellen og Vassbotnen har skissert.</p>	<p>Sjå utsvaret til Bremanger næringsråd, 27.01.2023.</p> <p>Merknaden blir elles teke til orientering.</p>
Steinvik fiskefarm AS, 06.02.2023	<p>Steinvik fiskefarm AS peikar på tre hovudpunkt i planen som bør særskilt vurderast:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Flytte rundkøyringa nærare gravplassen. - Samlokalisere det planlagde næringsarealet ved gravplassen med anna næringsareal i området. 	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå utsvaret til Bremanger næringsråd, 27.01.2023 - Sjå utsvaret til Bremanger næringsråd, 27.01.2023 - Sjå utsvaret til Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), 03.02.2023

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 19 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<ul style="list-style-type: none"> - Overskotmasse bør disponerast mest mogeleg slik at den kan gje grunnlag for å utvikle areal for varier samfunnsgagnleg aktivitet. <p>I tillegg vert det gjeve følgjande innspel til planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilrettelegging for ladestasjon for el-biler. - Oppstillingsplass for større køyretøy. - Tilretteleggjing for mest mogeleg næringsareal i området. - Tilretteleggjing for busstasjon i området. - SVT18 fører inn til eit areal Steinvik har og kjem til å henta masse frå. Ferdig opparbeidd vil området helt fram til tunnelopninga frå vest mot Rise vere tilrettelagt som næringsareal. I planforslaget er det så avsett eit næringsareal BN søraust for rundkøyringa. Dersom rundkøyringa og næringsarealet BN bytar posisjon, er det mogeleg å få eit større og samanhengande næringsareal av dette. - Det er viktig at verdien i -og disponeringa av masse vert vurdert. Steinmasse frå anlegget kan gje nytt areal i Svelgen. - Steinvik overfører vatn frå Risevatnet til Breivika i ein vassleidning som vil passere under vegstrekninga SKV11 straks utanfor tunnelopninga. Leidninga følgjer landbruksvegen sør for innmarka på Rise og gravplassen, og i tunnel gjennom fjellformasjonen vest for vegstrekninga. 	<ul style="list-style-type: none"> - Planen legg til rette for næringsareal der det og kan etablerast ladestasjon for el-biler (er tillette innanfor reguleringsføremål). - Planen legg til rette for oppstillings- og kjettingplass for større køyretøy langs den nye fylkesvegen, både i Svelgen og på Myklebust. - Planen legg til rette for kollektivhaldeplassar der dette er aktuelt. - Sjå utsvar til Bremanger næringsråd, 27.01.2023. - Sjå utsvar til Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), 03.02.2023. <ul style="list-style-type: none"> - VLFK kjenner til den aktuelle overføringsleidninga mellom Risevatnet og Breivika, og har plasseringa for denne inne i grunnlagsdata. Ledningen vil bli ivareteken i samband med bygging av veganlegget.
--	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentleg høyring av planforslag	Side: 20 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

3 GRUNNEIGARAR OG PRIVATPERSONAR

Inger Rise Hallset, 06.02.2023	<p>Det er ikkje samsvar mellom det som står i planomtalen kap. 10.1 og 10.2 om finansiering og utbyggingsrekkefølgje, og det som står i sakspapira frå vedtak i Fylkestinget 09.06.2020, sak 2020/45793-1.</p> <p>Ein reguleringsplan er juridisk bindande i 10 år, så her kan den vere ute av tida før det er komme pengar til prosjektet. Dette er uheldig for grunneigarar.</p> <p><u>Innspel til planomtalen:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> Kap. 8.5.1. Vegen bak kyrkjegarden er ein gammal veg som grunneigarane har nytta i alle år for å drive skog og ha dyr på beite, at det er ein turveg stemmer ikkje, for her kan ikkje Bremanger kommune ta seg til rette aleine. Denne vegen må bli verande landbruksveg. 	<p>Det er rekna på kostnader for både å avslutte prosjektet på Rise og nord-aust for Kruna ved Risesvingen. Avklaringar kring dette er skildra i saksdokumenta til fylkestinget 09.06.2020</p> <p>I vedtaket er det skildra at ein, til tross for vurdering av innsparingar i prosjektet, skal leggje til rette for å vidareføre fylkesvegen gjennom Kruna og bandleggje areal til dette. Sjølv om reguleringsplanen legg grunnlag for å erverve arealet, så er det ikkje avklart om ein ønskjer å byggje heile anlegget i eit prosjekt. Ved seinare tildeling av midlar til prosjektet, må ein igjen vurdere utbyggingsrekkefølge for dei ulike armene. Det er teknisk mogleg å gjennomføre utbygginga av vegen gjennom Kruna først. Ein reguleringsplan er juridisk binda fram til han blir oppheva av kommunestyret, eller det blir utarbeidd ein nyare reguleringsplan for same område. Fylkeskommunen har ekspropriasjonsheimel (for offentlege areal regulert i planen) i 10 år etter at reguleringsplanen er vedteken, jf. pbl § 16–2 første ledd.</p> <ol style="list-style-type: none"> <u>Kommentarar til innspel til planomtalen:</u>Kap. 8.5.1 omtalar den tilrettelagde turvegen mellom kyrkjegarden og Lendingen/Risevatnet. I reguleringsplanen vil denne forbindelsen bli vareteke ved å regulere ein felles trase for turveg og landbruksveg (o_GT1-4). o_GT1-3 koblar i hop f_SKV27 med f_SKV28 slik at grunneigarane på same vis som i dag er sikra køyrbar tilkomst til utmarksområda. Det er vald offentleg formål på turvegen for å sikre allmenta sine bruk og tilkomst langs vegen.
-----------------------------------	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 21 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<ol style="list-style-type: none"> 2. Kap. 7.8.3. Ønsker ikkje deponiet som er planlagt inne ved Risevatnet, på felleseige 38/413. Her er det ein opplagsplass i le for vinden. 3. Kap. 8.7. Manglande vedlikehald har ført til at bygningane har forfalle. Bremanger kommune har gitt løyve til deponering av uønskt artar ved sida av kyrkjegarden og bak tunet på 38/4, dette manglar avmerking i planen. 4. Kap. 8.6. Saknar omsynet til beitedyr. 5. Kap. 6.8. Gardfjøsene som er avbilda er gammalt grindverk med nytt tak. Kledninga er ikkje skifta ut med hensikt, for å vareta det gamle og skakke. 6. Figur 6.14. Det er ikkje tilrettelagt med grillplass og bålplass inne ved Risevatnet. 7. Det må nemnast at miljøvarme har grøft med vatn i over 38/5, som blir involvert av tiltaket. 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Kap. 7.8.3. Det er behov for stor deponi-kapasitet i samband med realisering av prosjektet. Det er difor naudsynt å strekkje området heilt fram mot tilgrensinga til Risevatnet. Deponiet vil settast i stand på ein mest mogleg skånsam måte for landskap og jordbruk i området. Arealet for opplagsplass vil kunne varetakast/settast i stand i samanheng med arrondering av deponiområdet. 3. Kap. 8.7. Deponeringa av uønskte artar i det aktuelle området er handtert etter eit anna lovverk enn plan- og bygningslova. Reguleringsplanen vil ikkje kunne tillate generell deponering av uønskte artar her. Uønska artar innanfor prosjektet sitt influensområde skal handterast etter gjeldande retningslinjer når anlegget startar opp. 4. Kap. 8.6. Kapitlet omhandlar naturmangfald. Konsekvenser for beitedyr er omtala i kap. 8 (under naturressursar), og inngår i beskrivinga av området i kap. 6. 5. Kap. 6.8. Innspelet blir teke til orientering. 6. Figur 6.14. har fått endra tekst i planomtalen. 7. Teknisk infrastruktur i bakken vil ivaretakast eller bli vurdert flytta i forbindelse med detaljprosjektering fram mot anleggsstart.
--	--	--

	Oppsummering av fråsegn til offentleg høyring av planforslag	Side: 22 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p><u>Innspel til plankartet:</u></p> <p>8. SGS1 i plankartet må takast ut sidan det er etablert ny gong- og sykkelveg mellom Svelgen og Breivika. Turstien i dag mellom kyrkjegarden og deponiet blir vel ikkje involvert sidan vegen gjennom Kruna ikkje kjem i første byggetrinn.</p> <p><u>Innspel til føresegnene:</u></p> <p>9. Miljøtiltak for Risevatnet må sikrast i føresegnene sidan vatnet er eit lakseførande vassdrag og har uttak av vatn til næring.</p> <p><u>Generelt til planen:</u></p> <p>10. Forslag om at det blir utgreidd eit alternativ med T-kryss enten litt forbi Klausen Industri eller ved Best-stasjonen i Breivika, sidan vegen gjennom Kruna skal vurderast på eit seinare tidspunkt.</p> <p>11. Avrenning frå tunnel kan gå i utmark til sjø</p> <p>12. Ved å flytte tunnelinnslaget lenger ut slepp ein store inngrep på dyrka mark og nær kyrkjegarden og dessutan at jordvernet blir ivareteke.</p>	<p><u>Kommentarar til innspel til plankartet:</u></p> <p>8. SGS1 er ein viktig forbindelse når vegarmen mot Kruna blir etablert, for å vareta koplinga mellom gong/sykkelsystemet langs Gunnar Schjelderups veg og turvegen/landbruksvegen mot Risevatnet. Reguleringsplanen må regulere ferdig utbygd situasjon sjølv om ny fylkesveg kan bli utbygd i etappar.</p> <p><u>Kommentarar til innspel til føresegnene:</u></p> <p>9. Føresegna § 2.7 inneheld krav til ivaretaking av vasskvalitet og avgrensingar i inngrep i anadrome vassdrag.</p> <p><u>Kommentarar til generelle innspel til planen:</u></p> <p>10. Eit t-kryss ved Klausen Industri eller bensinstasjonen Best blir ikkje rekna som hensiktsmessig med omsyn til kva koplingar vegprosjektet skal ivareta og heilheita i vegsystemet. Ved Klausen vil det vere utfordringar knytta til kort avstand mellom tunnel og kryss som skal betjene lokaltrafikk i Svelgen. Ved Best-stasjonen er det registrert større lausmasseavsetningar, noko som truleg ville ha gjeve utfordringar ved etablering av ei forskjering i dette området. Dersom ny tunnel skulle hatt utløp ved Best, vil det ha vore naudsynt å byggje ny veg med tilhøyrande konstruksjonar og gang- og sykkel vidare nedover mot Breivika. Fylkesvegen ville her ha fått påverknad for busetnaden i denne delen av Svelgen. Gunnar Schjelderups veg skal etter føresetnader ha hovudfunksjon som lokal tilkomstveg for innbyggjarar mellom Svelgen sentrum og Langeneset i framtida. Vegen gjennom Kruna må sjåast i samanheng med -og vere ein del av prosjektet og reguleringsplanen, sjølv om denne evt. skal gjennomførast i eit seinare byggetrinn, evt. som første byggetrinn, i prosjektet.</p>
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 23 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>13. Det bør greiast ut om det blir billigare å utbetre fv. 614 på same måte som dei gjorde frå Kalvåg / Oldeide, og dessutan at fv. 614 ligg nær rv. 1 med regulert næringsområde i Holmane.</p>	<p>11. Planen legg til rette for reinsing av tunnelvaskevavn, før utslepp til sjø. Vatnet som kjem ut av tunnelen under drivefase skal og reinsast i eigne containarar før utslepp til sjø.</p> <p>12. Dyrka mark er forsøkt teke omsyn til så langt det lèt seg gjere i planforslaget. Vegtraseen og tunnelinnslag har ein søkt lagt der det gir minst beslag av dyrka mark, samtidig som vegen og tunnelane skal ha ein hensiktsmessig trase med tanke på fleire tekniske omsyn, som terrengtilpassing, landskap, naturmangfald og kostnader.</p> <p>13. Fullverdig utbetring av dagens fylkesveg rundt Kjelkenes vart forkasta under arbeidet med kommunedelplanen for strekninga. Mandatet til prosjektet har vore å utarbeide ein reguleringsplan, basert på valt alternativ i kommunedelplan. Det ligg per tid ikkje inne planar for større utbetringstiltak på dagens fv.614 mellom Indrehus og Svelgen. Fortescue arbeider med realisering av eit anlegg for grønt hydrogen og grøn ammoniakk på Holmaneset. I samband med denne eventuelle etableringa kan det bli stilt rekkefølgjekrav i høve utbetring av enkelte problemområde på strekninga Svelgen-Holmaneset, men dette er uvist per tid.</p> <p>Fullverdig utbetring av dagens fylkesveg rundt Kjelkenes vart forkasta under arbeidet med kommunedelplanen for strekninga. Mandatet til prosjektet har vore å utarbeide ein reguleringsplan, basert på valt alternativ i kommunedelplan. Det ligg per tid ikkje inne planar for større utbetringstiltak på dagens fv.614 mellom Indrehus og Svelgen. Fortescue arbeider med realisering av eit anlegg for grønt hydrogen og grøn ammoniakk på Holmaneset. I samband med denne eventuelle etableringa kan det bli stilt rekkefølgjekrav i høve utbetring av enkelte problemområde på strekninga Svelgen-Holmaneset, men dette er uvist per tid.</p>
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 24 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

Jostein Eimhjellen, 27.01.2023	Likelydande innspel som Bremanger næringsråd. Sjå oppsummering av Bremanger næringsråd, 27.01.2023.	Likelydande innspel som Bremanger næringsråd. Sjå svar til Bremanger næringsråd, 27.01.2023.
Marit Øvrebotten Myrhol og Olav Myrhol, 05.02.2023	Det har vore sterk vekst i trafikken på strekninga Svelgen – Indrehus i den siste tida, spesielt etter koronapandemien. Dette gjeld både tungtransport og anna trafikk. Det bør utførast ei ny trafikktejing for å få fram denne trafikkauken og dei store positive samfunnsøkonomiske konsekvensane ved å bygge tunnel mellom Svelgen – Indrehus.	Trafikktala som er nytta i plandokumenta samstemmer med dei siste ÅDT-tal frå strekninga (år 2022). Tellepunktet/trafikkregistreringsstasjonen er plassert i Grytadalen, ved munninga av Magnhildskartunnelen. Det er eit skilje i trafikkmengde ved krysset mot fv. 5711 ved Myklebust. Her aukar trafikken noko på vidare mot Indrehus og Svelgen.
Per Erik Rise, 05.02.2023	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planlagt vegtrase gir gode gevinster med tanke på trafikksikkerhet og tidsbesparelser, men den valgte vegtraseen fra rundkjøringen på Rise og over dyrket innmark til tunnelen i Kruna gir ikke vesentlig gevinst i forhold til ulempene. En bør på denne strekningen holde på regulert løsning for tunnel gjennom Kruna med tilknytting til eksisterende trase for fv. 614 med rundkjøring ved o_BOP, og finne egnet sted for tilknytning av tunnelen mellom Indrehus og Svelgen til eksisterende vei i området ved Rise næringsbygg. 2. Eksisterende infrastruktur bør kunne gjenbrukes mest mulig for å begrense behovet for omdisponering av dyrket mark. Det forventes at en begrenser arealbehovet til veianlegg på dyrket innmark. Veianlegget må utformes så arealeffektivt som mulig, og kjettingplasser bør flyttes til arealer utenfor dyrket innmark. Tap av dyrket mark må erstattes. En bør vurdere overbygd veianlegg hvor en kan overfylle veien med steinmasser og etablere dyrket mark 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forslaget for ny tunnel gjennom Kruna som det vert synt til her er forankra i eit tidlegare utkast for kommuedelplan for Svelgen-området. Det er fleire grunnar til denne vegløysinga ikkje har blitt valt. M.a føringar i kommuedelplan for Svelgen-Indrehus, stigningstilhøva for tunnelen som vil bli brattare enn maks-krav i forskrift og handbøker, samt nærføring til Svelgen skule, barnehage og idrettshall. 2. Dyrka mark er forsøkt teke omsyn til så langt det lèt seg gjere i planforslaget. Vegtraseen er lagt der det gir minst beslag av dyrka mark, samtidig som vegen skal ha ein hensiktsmessig trase med tanke på fleire tekniske omsyn terengtilpassing, landskap, naturmangfald og kostnader. Det er vurdert å legge kjettingplassar på nord-austsida av Kruna, men det er forkasta med bakgrunn i stigningstilhøve og plassbehov, samstundes som at ein ikkje vil ha moglegheit for sambrukseffekten ein får med å kombinere lommene som havarilommer og kjettingplassar

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 25 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

	<p>over veien, for å unngå å kjøre steinmasser til et deponi i Magnhildskaret.</p> <p>3. Det må redegjøres for og planlegges tiltak for å redusere risiko for utslipp, forsøpling og svevestøv fra veianlegget. Det må planlegges tiltak for å skille beitende husdyr fra trafikken. Det må også planlegges tiltak for håndtering av kastevinder.</p>	<p>på Rise. Det vil vere særskildt kostnadsdrivande å legge til rette for ei overfylt vegløyning over Risemarkene. Dette måtte ein ha etablert som ei nedgravd kulvertløyning eller ein lang betongtunnel. Både byggjekostnader og driftskostnader ville blitt mykje meir omfattande enn ei vegløyning i dagen. Samstundes vil ein få utfordringar med siktkrav mot avkøyrsløse til gravplassen, rundkøyninga og plass til naudsynt havarilomme og kjettingplass.</p> <p>Det er i planprosessen vurdert fleire alternativ for deponi, men det er etter ei heilskapleg vurdering landet på at masseplassering i Myklebustdalen og på Rise er mest hensiktsmessig. Tunnelen skal drivast frå begge sider, og det skal i utgangspunktet ikkje vere naudsynt å køyre tunnelmassar frå Svelgen til Myklebustdalen. Kompenserande tiltak for tap av dyrka mark i midlertidig og permanent fase vil greiast ut i matjordplan.</p> <p>3. Svevestøv frå veganlegg i drift vil alltid kunne forekomme, men med bakgrunn i låge trafikktalet og låg fartsgrense (60 km/t) i Svelgen er ikkje det forventa å verte eit stort problem knytta til støv for kringliggjande eigedomar. Potensielt utslepp frå tunnelar (og vaskevatt) vert fanga opp i eigne lukka system (oljeavskillarar) og handterast slik at dette ikkje skal komme til skade på kringliggjande miljø. Langs daglinja vert overvatn handtert i eigne lukka system og ført vidare mot sjø i Svelgen. For å skilje beitedyr frå trafikken, skal det etablerast gjerde langs veganlegget. Detaljplanar seinare vil vurdere og evt. skildre tiltak for å dempe effekten av kastevindar eller varsling av slike potensielle ver-phenomen i området. Variable skilt styrt av sensorar er eit døme på ei slik varslingsmoglegheit.</p>
--	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 26 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>4. Det er viktig å ivareta dagens tilkomstvei til Lendingen ved Risevatnet, for adkomst med tømmerbil. Det bør gjøres endringer på tilkomstveien fra idrettshallen til gardstunet på 38/1 og 38/5 for å få tilkomst til driftsbygninger og utmark med større kjøretøy. Det er heller ikke grunnlag for å skulle regulere disse landbruks- og skogsveiene til offentlige gangveier.</p> <p>5. Deponiområdet må utformes og planlegges slik at en optimaliserer landbrukskvaliteten til området, spesielt med tanke på drenering, helling, overdekning med jordmasser og helhetlig kvalitet på ferdig opparbeidet areal. Dette må detaljplanlegges i samråd med grunneier i anleggsperioden.</p> <p><u>Ønsker følgende endringer i reguleringsplanen:</u></p> <p>6. Avkjørsel til gardstun 38/1 og Risevatnet/Risesetra må dimensjoneres for store kjøretøy som semitrailer. Første del av dagens adkomstvei til Risevatnet og Risesetra er fjernet i planforslaget.</p> <p>7. Dagens turvei mellom industriområdet BN (38/4) og gravplassen (38/287) bør beholdes grunnet direkte tilknytning til parkeringsplass, men oppgraderes til landbruksvei for å få en etablert adkomst til landbruks/skogsbilvei til Risesetra og Risevatnet.</p>	<p>4. Felles tilkomstveg, f_SKV26-27 og o_SKV36 er dimensjonert for tilkomst med tømmerbil. Vidare er ny kulvert under fylkesvegen og o_GT1-4 til Lendingen dimensjonert for tømmerbil. f_SKV29 (mot Risesetra) er dimensjonert som traktorveg. o_SGS1-2 og o_GT1-4 er regulert til offentlig formål for å sikre allmenta sin tilgang og bruk av desse vegane.</p> <p>5. Reguleringsplanen/føresegna § 2.8 stiller krav til ivaretaking av matjord i forbindelse med etablering av deponi-området. Føresegna § 3.5 stiller òg krav om utarbeiding av matjordplan, som skal beskrive krav til sikring av landbruksjord i anleggsperioden. Grunneigar vil bli involvert under detaljplanlegging av arealet slik at ein sikrar at forventingar til nye areal vert ivareteke og er omforent mellom partane.</p> <p><u>Kommentarar til endringsønskje i reguleringsplanen:</u></p> <p>6. Dagens tilkomstvegar til Risesetra og Risevatnet er foreslått lagt om, med ny, regulert tilkomst via gardstunet på 38/5 og 38/1. Nye landbruksvegar på Rise er dimensjonert etter vegklasse 3 – landbruksbilveg og kan nyttast av tømmerbil. Det er ikkje sett som naudsynt å utbetre avkjørsel mot Gunnar Schjederups veg med tanke på sporingsbevegelsar for lastebil som er dimensjonerande køyretøy for f_skv36.</p> <p>7. Tilkomst med landbrukskøyretøy mot Risesetra og til Lendingen/Risevatnet er ivareteke gjennom ny regulert tilkomst via f_SKV26-28 og o_GT1-4. Desse vegane er dimensjonerte etter vegklassane traktorveg og</p>
--	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 27 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>8. På bakgrunn av punktene over, kan en vurdere nødvendigheten av gangvei fra gravplassen til kulvert, eller om en heller bør lage en større avkjøring her med landbruksvei ned til kulvert og beholde gangveien over LF02 slik den er i dag.</p> <p>9. Kulvert under ny fylkesveg må være tilrettelagt for at beitedyr fritt kan beite på begge sider av kulvert, samt kjøretøy og gående.</p> <p>10. Landbruksvei fra idrettshus til Lendingen bør tilpasses større kjøretøy, og følge eksisterende veitrase til 38/5, samt følge grensen mellom 38/5 og 38/1 fra gardstunet til kulvert, og følge grensen mellom 38/287 og 38/1 mellom kulvert og kryss til Risesetra og Lendingen.</p> <p>11. Veianlegget må tilpasses beitedyr med omsyn til utforming og avstenging mellom dyr og kjøretøy.</p> <p>12. Veianlegget må planlegges og bygges slik at det preger området minst mulig og begrenser trafikkstøyen.</p>	<p>landbruksbilveg. Tilkomsten vert no planfri og sikrar ei trygg kryssing av fylkesveg. Landbruksvegar blir etablert etter landbruksnormal og skal vere sikra ein god standard. Det vil vere mogleg å parkere på eksisterande parkeringsplass ved gravplassen og komme seg opp på f_skv 28 til fots via gravplassen eller LF02.</p> <p>8. o_SVGS1 og o_SGS2 er lagt inn i planforslaget, då dette blir rekna som ei sikrare løysing for gåande og syklende som kjem frå Svelgen, å bruke kulverten for kryssing av fylkesvegen enn i plan. Eksisterande gangforbindelse gjennom kyrkjegarden og sørover er vareteke i planen, og det blir teke høgde for at denne kan kople seg på o_GT3.</p> <p>9. Det er fritt for beitedyr å beite på begge sider av kulverten, utanfor veganlegget. Det vil bli etablert gjerde og portar slik at dyr ikkje forvillar seg inn på veganlegget eller kryssar uønskja mellom dei to delområda på eigedomen.</p> <p>10. Foreslått regulert landbruksveg frå idrettshuset til Rise-gardane og vidare til Lendingen er spora for tømmerbil. Vegen må leggjast om sammenlikna med dagens trasé, og tilpassast kulvert under ny fylkesveg. Ved gardane på Rise er vegen lagt omtrent midt på eigedomsgrensa. På sørsida av ny fylkesveg er landbruksvegar planlagt på ein slik måte at nye landbruksareal kan etablerast mest mogleg hensiktsmessig. Forbindelse frå garden til utmarka blir varetake ved å regulere felles trase for turveg og landbruksveg, slik at grunneigarane på same vis om i dag er sikra køyrbar tilkomst til utmarksområda.</p> <p>11. Beitedyr vil vere åtskilde frå veganlegget, ved hjelp av gjerder og portar. Planen opnar for moglegheit for å føre dyr over tunnelportalen ved Krunga, i LF04.</p>
--	--	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 28 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

	<p>13. Gbnr 38/1 har i lang periode vert preget av eksterne planprosesser som har hindret utviklingsmulighetene på eiendommen. Ber om at båndleggingsarealet begrenses så mye som mulig, og at det kan være noe fleksibilitet ved vurdering av tiltak som er enkle å tilbakeføre i og nær planlagt vegtrase i perioden frem til byggestart.</p>	<p>12. Planforslaget inneheld avbøtande tiltak for støy der det vert stilt krav om dette, det vil seie krav om etablering av støyskjermingstiltak kring gravplassen på Rise.</p> <p>13. Kommunen som planmynde kan seie noko om kva tiltak ein kan tillate innanfor regulert areal fram mot anleggsstart for prosjektet. Mykje av arealet på Rise vil vert bandlagt undervegs i anleggsperioden. I prosjektet er det søkt å bandlegge så lite areal som mogeleg i nær tilknytning til gardane på Rise, men likevel tilstrekkeleg for gjennomføring av prosjektet. Innspelet vert for øvrig teke til orientering.</p>
Rakel Rise Hallset	<p>1. Reguleringsplanen inneheld større interessemotsetningar mellom jordbruk og reguleringsmynde. Heile planen bør forkastast og ein bør heller utbetre/oppgradera eksisterande fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus – Haukåa. Det er meir realistisk å få middel til ei utbetring enn det er til å få dekte eit ukjent beløp til bygging av ny veg. Det er meir samfunnsnyttig å gi investorar tilgang til regulerte næringsområde langs eksisterande fv. 614, dersom vegen vore utbetra då den samstundes gjer moglegheit for transport sjøvegen. «Risesvingen» kan òg utbetrast langt rimelegare enn detaljreguleringa skisserer.</p> <p>2. Det er problematisk at det ikkje er finansiering til realisering av vegprosjektet dei nærmaste åra, og at finansiering ikkje er lagt inn i gjeldande RTP (2023-2026). Reguleringsplanen vil bandlegge utvikling på Risegardane i 10 år framover. Dei økonomiske usikkerheitene er ikkje omtala i planomtalen eller føresegnene. Eit eventuelt</p>	<p>1. Fullverdig utbetring av dagens fylkesveg rundt Kjelkenes vart forkasta under arbeidet med kommunedelplanen for strekninga. Mandatet til prosjektet har vore å utarbeide ein reguleringsplan, basert på valt alternativ i kommunedelplan.</p> <p>2. Som Rakel Rise Hallset påpeikar i innspelet er det knytta uvisse til kva tid ein kan starte opp dette prosjektet. Anslaget vart gjennomført tilbake i slutten av 2019. På grunn av korona, inflasjon og krig har det vore ei stor auke i materialkostnader og drivstoffkostnader i åra frå 2020. For bygging av anlegget må ein forvente eit høgare</p>

	Oppsummering av fråsegn til offentleg høyring av planforslag	Side: 29 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

	<p>vedtak av planen vert difor utført basert på eit anslag med store økonomiske usikkerheiter som ikkje er gjort greie for i planomtalen kap. 10.1.</p> <p><u>Forslag til forbetring av føresegnene og planomtalen:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 3. § 6.2 b): formålet til ein gardsfjøs er å stå mellom innmark og utmark, området LJ01 er for langt frå utmarka til gbnr 38/5. 4. I kap. 6.8 kulturminne og kulturmiljø står det at gardsfjøsen er i dårleg forfatning. Gardsfjøsen er i utmerkte stand, rehabilitert og i bruk i gardsdrifta. Steingarden som står ved gardsfjøsen, vil verte utradert som følge av tiltaket i reguleringsplanen. 5. Forslag, lagt ved, til ny vegtrasé vert både gardsfjøs og steingard bevart. Ber om at dette blir vurdert. Sjå utklipp. 6. § 6.1: for deponiområde #22 er det ikkje omtala eller laga ein plan for korleis jordbruket skal oppretthalde i anleggstida. Det er òg vanskeleg å forstå korleis ein finn plass til all massen (ranking) frå planen slik den føreligg i dag. 	<p>prisestimat enn det som ligg føre i anslaget. Før det blir gjort vidare vedtak om finansiering av prosjektet, vil ein utarbeide oppdaterte kalkylar som er tilpassa dagens nivå i høve prisutviklinga. Det blir ikkje gjort nokon vidare vurdering av kostnader i denne planfasen.</p> <p>Ein reguleringsplan er juridisk binda fram til han blir oppheva av kommunestyret, eller det blir utarbeidd ein nyare reguleringsplan for same område. Kommunen har ekspropriasjonsheimel (for offentlege areal regulert i planen) i 10 år etter at reguleringsplanen er vedteken, jf. pbl § 16–2 første ledd.</p> <p><u>Kommentarar til innspel til føresegna og planomtalen:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Føresegn § 6.2 oppdaterast med at «gardsfjøs skal flyttast i samråd med grunneigar». 4. Omtalen av gardsfjøset er endra i planomtalen. 5. Forslag om justert vegtrase mot Gunnar Schjelderups veg <p>Rakel Rise Hallset med fleire har skissert ut eit forslag til alternativ vegføring over Rise. Alternativet inneber ei kobling mot Gunnar Schjelderups veg (dagens fylkesveg 614) noko lengre vest enn i planforslaget, med tunnelpåhogg i fjellryggen som skiljer industritomta til Steinvik fiskefarm frå resten av området på Rise. Vestland fylkeskommune ser følgjande utfordringar med dette alternativet;</p> <p><u>Forslag til ny løysing på Rise:</u></p>
--	--	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 30 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---


Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>7. § 4.2.6 o_SVG19-20 vil medføre at areal frå innmarka til 38/5 blir teken og verte til store vegskråningar. o_SVG19-20 er skissert til å verte liggande vesentleg høgre enn terrengnivået til gbnr 38/5, dette er ein negativ konsekvens for 38/5.</p> <p>8. Stiller spørsmål ved kvifor det ikkje er ein plan for deponi for #22 i samspel med #20 slik at ein får ei gradvis heving av terrenget og såleis må avstå med mindre areal til vegformålet og bevare meir til landbruk.</p> <p>9. § 4.3.1 omregulerar privat grunn til kommunal grunn. o_GT1-4 er tilkomstveggar tilhøyrande Rise felleseige og skal ha same status som f_SKV26-27 (felleseige). Protesterer mot ei omregulering frå felleseige til offentlig/kommunal grunn. Rise felleseige treng tilgang til skog, tømmerlandingsplass og naust.</p> <p>10. § 4.4.3 LF03 er felleseige og tømmervelteplass og opplagsplass for tømmer. LF03 skal ikkje tilbakeførast som jordbruksareal, men som tømmervelteplass.</p> <p><u>Forslag til ny regulert løysing på Rise:</u></p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Avstand t-kryss til tunnelmunning ikkje i henhold til krav. Kravet er minst 2 * stoppsikt, 230 meter og vegen kan ikkje etablerast utan at krysset vert flytta vesentleg nærare 38/5. Slik denne løysinga er skissert er avstanden omlag 100-150 meter frå munning til kryss. ○ Store delar av industriområde til Steinvik fiskefarm (BKB2) må innløysast med ei slik linjeføring. Forflytting av linja sparar i seg sjølv arealbeslag på innmarka til 38/5, men det vil verte naudsynt å erstatte dette arealet med eit nytt areal for industri på nord-austsida inn på eigedom 38/5. Industriområdet må og og få nye tilkomstveggar med påkoblingar til fylkesvegen. ○ Fylkesvegen vert liggjane med tilsvarende avstand til gravplass som planforslaget, og ei flytting vil difor ikkje ha noko nytteverdi med tanke på denne. ○ Ein får tre t-kryss nær opp mot kvarandre i Svelgen. Noko som ikkje er ei god løysing i høve trafikktryggleik og trafikkavvikling. ○ Mjuka trafikantar som vil ferdast mellom Gunnar Schjelderups veg og gravplassen på Rise må krysse vegarmen på fv.614 som munnar ut av tunnelen. Det er strenge krav til sikt mot slike kryssingspunkt, og ei dårleg løysing med tanke på trafikktryggleiken å krysse denne vegarmen i plan. ○ Ei hensikta under regulering av næringsarealet til Steinvik var at fjellryggen i dette partiet skulle behandlast for å fungere som eit skilje mot gardane og gravplassen. Ved å sprengje ned fjellryggen mellom industritomta og gravplassen
--	---	--

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 31 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

11. Fjerne rundkøyring o_SVT17 og etablere T-kryss. Då kan ein fjerne veg o_SKV20-21 og forlengde o_SVT inn til tilstøytande plan ID 1438.2018.01 og få optimalisert løysing for veganlegget utan å avstå så mykje jordbruksareal.
12. Heve terrenget til gbnr 38/5 vil medføre at 38/5 om lag ikkje tapar innmark. Om ein forlenger kulverten med mur, vil ein òg få betre utnytting av jordbruksareala.



på Rise vil det medføre at ein opnar opp området mellom industri og landbruk og endrar landskapsrommet. Nedtaking av denne fjellryggen innber også ei vesentleg auke i masseuttak og plassering av overskotsmassar for prosjektet.

- Overføringsledninga til Steinvik fiskefarm mellom Risevatnet og Breivika må justerast gjennom etablering av nytt borehol.

VLFK tilrår at løysinga for fylkesveg og sideveggar i Svelgen vert vidareført slik planforslaget syner, og at innspelet ikkje vert teke til følgje.

6. #22 er avsett til mellombels bygge- og anleggsområde, og må nyttast i anleggsperioden for tilkomst og mellomlagring av massar og etablering av overvassanlegg/sikring av bekkeføringar. Areal skal ikkje fyllast opp permanent, og det skal settast i stand i anleggsperioden sin slutfase, jf. § 6.1 c). Dersom det ikkje er tilstrekkeleg plass til mellomlagring av dei lokale massane, vil desse verte lagra inne på det store mellomlagringsområde på #20.
7. o_SVG19-20 regulerer areal til annan veggrunn grøntareal, og vil fungere som nødvendig sideareal for ny fylkesveg og gang- og sykkelveg. Veganlegget er tilpassa i høgde og lengdefall slik at ein sikrar tilstrekkeleg avrenning av overvatn frå tunnelmunning, gjennom rundkøyringa og vidare fram til nivået ved påkoblinga til

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 32 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

		<p>Gunnar Schjelderups veg. Fall ligg ein stad mellom 1,2 - 1,5 %.</p> <p>Under detaljprosjekteringa i seinare fase vil sideareal kunne tilpassast best mogleg omkringliggende areal, blant anna dyrka mark i dette området. Detaljert plan for arrondering og tilbakeføring av arealet kan avtalast direkte med grunneigar.</p> <p>8. #22 er i planforslaget berre avsett til mellombels bygge- og anleggsområde og ikkje tiltenkt deponering av steinmassar frå veganlegget. På #22 er det forsøkt å begrense inngrepet på innmark, medan det på #22 er planlagt tilrettelagt for eit heilt nytt terreng.</p> <p>9. Det er gjennom dialog med Bremanger kommune vald offentlig formål på vegen for å sikre allmennheita sine bruk og tilkomst mot Risevatnet. Grunneigar vil framleis og fullt ut ha moglegheit til å bruke vegen for dekke sine interesser i form av gardsdrifta og uttak av skog. Det er kun regulert til offentlig turveg frå nordsida av landbrukskulvert og gang-sykkelveg o_svg20, og ikkje vidare gjennom gardstuna på Rise.</p> <p>10. Dette området vert endra tilbake til LF-føremål.</p> <p>11. Sjå utsvar i punkt 5.</p> <p>12. Sjå utsvar i punkt 6 og 7.</p>
Rikke Rise Hallset	Likelydande merknad som frå Rakel Rise Hallset. Sjå oppsummering av innspel frå Rakel Rise Hallset.	Sjå utsvar til Rakel Rise Hallset
Runar Rise Hallset	Likelydande merknad som fra Rakel og Rikke Rise Hallset. Se oppsummering av innspel frå Rakel Rise Hallset.	Sjå utsvar til Rakel Rise Hallset.

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 33 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
-----------------------	--------------------------------	--

Ronny Ferstad	Likelydande merknad som frå Bremanger næringsråd. Sjå oppsummering av Bremanger næringsråd, 27.01.2023.	Sjå utsvar til Bremanger næringsråd, 27.01.2023.
Sandvika bustadsfelt, 31.01.2023	<ol style="list-style-type: none"> 1. Påkobling til fylkesvegen ved Indrehus. Meiner at dersom ein kjem inn på vegen på Indrehus er det i framtida kanskje ikkje behov for eksisterande veg frå brua over Vaulen til krysset på Myklebust, då det per no ikkje er nokon fastbuande langs denne vegstrekninga. Dermed kan òg rundkøyringa på vegkrysset på Myklebust få ei enklare utforming. 2. På eksisterande veg er det Risesvingen som skapar mest problem og vegstengingar, spesielt på vinterstid. Del 1 av vegprosjektet bør derfor vere å gjer ferdig rundkøyringa, tunnelen gjennom Kruna og brua med påkobling av vegen ovanfor Risesvingen. 3. Reguleringsplanen er i store trekk ei god plan. Bustadsfeltforeninga ser at det tek lang tid før ny fylkesveg 614 vert ein realitet. Noverande fylkesveg mellom Svelgen og Indrehus er i ei elendig forfatning og har stadig aukande trafikk. Foreininga ber om at det snarast vert sat i gang planlegging og arbeid med fv. 614 mellom Svelgen og Indrehus, mellom anna ved å få retta ut nokre svingar og lagt på masse på dei smalaste partia. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er ikkje mogleg å koble eksisterande fylkesveg på ny fylkesveg langs Vasselva. Det vert for kort avstand mellom bru og tunnelar til at gjeldande krav for fylkesvegen kan bli innfridd. Langs eksisterande fylkesveg ved Vaulen og inn mot Myklebust ligg det fleire fritidseigedomar. Vegen må oppretthaldast for desse og andre grunneigarar i området, samstundes som at vegen vil fungere som tilkomst for mjuke trafikantar i området. På Myklebust er det planlagt eit nytt t-kryss (ikkje rundkøyring), mellom eksisterande fylkesveg og fv.5711 mot Botnane. 2. Merknad teke til orientering. I vedtaket frå fylkestinget 10.06.2020 er det skildra at ein, til tross for vurdering av innsparingar i prosjektet, skal leggje til rette for å vidareføre fylkesvegen gjennom Kruna og bandleggje areal til dette. Det er rekna på kostnader for både å avslutte prosjektet på Rise og nord-aust for Kruna ved Risesvingen. Ved seinare tildeling av midlar til prosjektet, må ein igjen vurdere utbyggingsrekkjefølge for dei ulike armene. Det er teknisk mogleg å gjennomføre utbygginga av vegen gjennom Kruna først. 3. Fullverdig utbetring av dagens fylkesveg rundt Kjelkenes vart forkasta under arbeidet med kommunedelplanen for strekninga. Mandatet til prosjektet har vore å utarbeide ein reguleringsplan, basert på valt alternativ i kommunedelplan. Det ligg per tid ikkje inne planar for større utbetringstiltak på dagens fv.614 mellom Indrehus og Svelgen. Fortescue arbeider med realisering av eit anlegg for grønt hydrogen og grønt ammoniakk på

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 34 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>Det må gjerest tiltak for utbetring av denne vegstrekninga. Det bør òg gjerast trafikktejing her.</p> <p>4. På strekninga Kjelkenes – Indrehus bør det planleggast gong- og sykkelveg. Utbetring av noverande fylkesveg mellom Svelgen og Indrehus og 2-deling av tunnelprosjektet er ei god «straksløysing» for fv. 614.</p>	<p>Holmaneset. I samband med denne eventuelle etableringa kan det bli stilt rekkefølgjekrav i høve utbetring av enkelte problemområde på strekninga Svelgen-Holmaneset, men dette er uvist per tid.</p> <p>4. Det er ikkje tilstrekkeleg trafikkmengde og potensiale for gåande og syklande på strekninga mellom Indrehus og Kjelkenes til at fylkeskommunen kan prioritere å byggje gang- og sykkelveg her. Når ny fylkesveg er opna vil fylkesvegen i dag bli avlasta for all gjennomgangstrafikk og forholda for gåande og syklande blir markant betra.</p>
Trond Kvellestad	<p>Forslaget til reguleringsplan for ny fv. 614 vil ramme gardsbruket 38/5 særdeles hardt. Planen vil bandlegge utvikling på Rise i lang tid framover og gjere satsing vanskeleg og busetting på slektsgarden for framtidige generasjonar.</p> <p><u>Små justeringar i planen kan både skåne dyrkbar mark og gjere garden framleis drivverdig:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Erstatte rundkøyringa på Rise med eit T-kryss. Då kan vegen SVT20 gå over BKB i plan ID 1438.2016.02, for å kople seg på SKV23. Då vil ikkje vegen komme i konflikt med verken gardsfjosen eller steingarden og minimere mengda dyrkbart areal som blir lagt under asfalt. 2. Flytte SGS1 og SGS2 til sørsida av SKV18 for at mjuke trafikantar må krysse hovudvegen SKV23 på den minst trafikkerte sida. Sørsida er meir naturleg å ferdast for å gravlundene, turområde og eventuelt industriareal som er på sørsida av SKV18. 	<p>Dyrka mark er forsøkt teke omsyn til så langt det lèt seg gjere i planforslaget. Vegtraseen er søkt lagt der det gir minst beslag av dyrka mark, samtidig som vegen skal ha ein hensiktsmessig trase med tanke på fleire tekniske omsyn, som terrengtilpassing, landskap, naturmangfald og kostnader.</p> <p><u>Kommentarar til justeringsforslag i planen:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå utsvar Rakel Rise Hallset punkt 5. 2. Gang/sykkelvegen er lagt i den føreslåtte traseen for å vareta den mest trafikksikre koplinga mellom ny gang- og sykkelveg frå Breivika til Svelgen sentrum, nytt kantstopp for buss ved Gunnar Schjelderups veg og samtidig gi ei god kopling til gravplassen og turvegane via landbrukskulvert under ny fylkesveg. 3. Sjå punkt 7 i utsvar til Rakel Rise Hallset. 4. o_GT1-4 er regulert til offentlig turveg, men er dimensjonert etter vegklasse 3 – landbruksbilveg og kan nyttast av landbrukskøyretøy og tømmerbil. Turvegane er avsette til offentlege areal for å sikre allmenta sine bruk av


	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 35 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<ol style="list-style-type: none"> 3. SVG19 og SVG20 annan veggrunn er å tolke som store vegskråningar, som slår negativt ut for innmark til 38/5. Kvifor er det ikkje ein plan for deponi i samspel med #22 for å lage ein slakk og drivbar mark opp mot veg slik at ein må avstå minst mogleg grunn til vegformålet og få meir til landbruket? 4. Er GT2-4 turveg? Dette er erstatning for eksisterande tilkomstveg til Rise-gardane og inn til Risevatnet, og dessutan skogsvegen på sørsida av Risevatnet. Desse må ha same status som SKV26-27. Føreslår ny felles landbruksveg inkl. kulvert til Lendingen (Magenta strek på skissa under). Om senterlinja blir på grensa mellom 38/1 og 38/5 vil ein få naturleg inngjerding av innmarksbeite. 5. LF03 er felleseige og brukt som lagringsplass. Har formålet friluftsområde noko hensikt for vegprosjektet? 6. Ser helst at andre alternativ til tunnel og veg på Rise vert vurdert. Til døme oppgradering av eksisterande fv. 614. 	<p>vegane, og tilkomst til Lendingen. Landbruksvegen/turvegen er lagt i mest mogeleg hensiktsmessig trasé frå Rise-gardane og utfartsparkering ved kyrkjegarden, inn mot Lendingen og Risesetra.</p> <ol style="list-style-type: none"> 5. Formålet i LF03 endrast til LNFR på plankartet. 6. Teke til orientering.
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 36 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

		
Gunnstein Indrehus, 06.02.2023	<p>Indrehus Bruk har trong for arealutviding for verksemda ved Bruket, og ber om at tunnelmassar vert planlagt tilkøyrte til området den for direkte fyllinga deira i sjøen. Indrehus Bruk kan ta i mot meir enn 100 000 m3 tunnelmasse, og ber om å bli invitert med i vidare planlegging for plassering av overskotsmassar.</p> <p>Tomta kan vere lagleg å leige ut for anleggsperioden, og vidare tunnelarbeidet i Magnhildskaret.</p>	<p>I arbeidet med reguleringsplanen har fleire moglegheiter for lagring av massar vore vurderte. Mangel på kapasitet på delområda og eit ønskje om å halde seg til eit fåtal større deponi har gjort til at ein har landa på to hovudområde i prosjektet (Rise og Myklebustdalen). I tillegg til landområda har det og vore jobba med vurderingar kring deponering av steinmassar i sjø ved Indrehus og i Svelgen. Ved Indrehus (Slettevika og Djupevika) har ein valt å gå vekk frå deponering av steinmassar i sjø på grunn av konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv, grunneigarar og utfordrande botntilhøve og store sjødjupner. Dersom tiltakshavar ferdigstiller planar og</p>

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 37 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

		byggjesøknader for sitt anlegg innan oppstarten av prosjektet mellom Svelgen og Indrehus, kan det bli aktuelt å til-transportere massar til dette tiltaket. Dette kan avklarast nære ved oppstart av byggeplan. For eventuelt leige av areal i anleggsperioden, så vil fylkeskommunen ved behov ta kontakt for vidare avklaring kring dette.
Kari og Atle Rise, 06.02.2023	<p>Reguleringsplanforslaget tek mykje areal frå Rise-gardane til vegformål, og reduserarealet med dyrka mark betydeleg, og stykkar opp det dyrka arealet. Dette gjer det utfordrande å ha berekraftig drift av gardane for framtida.</p> <p><u>Forslag til endring:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tunnel gjennom Kruna frå Svelgen-sida – som regulert i reguleringsplan for Svelgen sentrum frå 1990-talet. Kårbustad på Rise har blitt tilpassa denne reguleringsplanen. Plasseringa av idrettshuset tett opptil gardsvegen til Risegardane har gjort at gardsvegen er fortrengt av skule og idrettshall og er ikkje brukande for større køyretøy. Traseen for ny fv. 614 vil gå over dyrka mark og er svær negativ for arealforbruk på garden. Gjeldande planforslag varetek ikkje jordvern på nokon god måte. Kommunen sit med ledig areal (BOP1) mellom tunnelinnslaget og fv. 614, dette kan nyttast til å få ei god trafikksikker løysing av vegtraseen frå tunnelinnslag frå Svelgen-sida. Veg til Risegardane må sikrast med undergong ev. kulvert under den nye vegen. Med tunnel gjennom Kruna frå Svelgen-sida vil ein oppnå ei tilfredsstillande løysing med ei god trafikkavvikling, ein vil redusere tap av dyrka mark betydeleg og betre vareta krav om jordvern. Det er òg ei løysing Bremanger 	<p><u>Kommentarar til endringsforslag:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Dyrka mark er forsøkt teke omsyn til så langt det lèt seg gjere i planforslaget. Vegtraseen er søkt lagt der det gir minst beslag av dyrka mark, samtidig som vegen skal ha ein hensiktsmessig trase med omsyn til fleire omsyn, som terreng, landskap, naturmangfald og kostnader. Det er i planprosessen vurdert fleire alternativ for lagring av massar, men det er etter ei heilskapleg vurdering landet på at deponi i Magnhildskaret og på Rise er mest hensiktsmessig. Kompenserande tiltak for tap av dyrka mark vil greiast ut for i matjordplan. Tilkomst til Risegardane er sikra i planen, via o_SKV36, f_SKV26 og f_SKV27. Nye landbruksvegar på Rise er dimensjonert etter vegklasse 3 – landbruksbilveg og kan nyttast av tømmerbil. Ny trase for landbruksvegen mot Risesetra er dimensjonert etter vegklasse 7 – traktorveg.

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 38 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>kommune og grunneigar godtek.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Forslag til vegtrasé vidare frå tunnel gjennom Kruna frå Svelgen-sida. Traseen må gå vidare fram til eksisterande fv. 614 og vidare med ei oppgradering av gamle fv. 614 til Myklebust, og kople seg på planlagt tunnel Rise-Indrehus. Traseen ved Risesvingen vil kunne fylgje planlagt ny vegtrasé. <p><u>Merknader:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Føreslegne tunnel gjennom Kruna-Risesvingen med tilførselsveg over innmarka. Om ein skal starte på SKV18 utan masse frå tunnelen Svelgen-Indrehus vil dette vere svært øydeleggjande for jordbruksarealet. Vegen over marka vil liggje i dagen og ikkje bli dempa med fylling frå tunnelmassane. Det som er drøfta med prosjekteigar er ei løysing som heng saman med masse frå tunnelen. Avsendar er svært usamd i dette trasévalet. Vegen vert meir eksponert for vind og området vert meir eksponert for ureining, søppel, svestøy o.a. Kjettingplassane som er innteikna på marka må flyttast ut av dyrka mark – enten til andre sida av Kruna eller til næringsområdet ved gravplassen. Det blir om bedet vegtraseen over marka vert eit overbygd veganlegg med masse frå tunnelen. Ein kan då etablere dyrka mark over veganlegget. 4. Veganlegg på innmark. Behovet på Rise er å få veg til større køyretøy og elles tilgang til område på garden. Om fv. 614 kryssar over eksisterande vegar slik at desse ikkje kan nyttast meir, må ein ha nye/alternative vegløyser. Dyr må kunne beite på heile innmarka. 5. Planforslaget må peike på konsekvensar av planforslaget for dei gamle veggane. Første delen av vegen til 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Sjå utsvaret til Per Erik Rise, punkt 1. <p><u>Kommentarar til merknader:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Sjå utsvaret til Per Erik Rise, punkt 2. 4. Eksisterande tilkomstvegane til Risegardane, Risevatnet og Risesetra som blir påverka av prosjektet og reguleringsplanen, er foreslått lagt om og erstatta med andre vegforbindelsar i planen. Dyr kan framleis beite på resterande del av innmarka. For å skilje beitedyr frå trafikken, skal det etablerast gjerde langs veganlegget. 5. Eksisterande tilkomstvegane til Risegardane, Risevatnet og Risesetra som blir påverka av prosjektet og reguleringsplanen, er foreslått lagt om og erstatta med
--	---	---

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 39 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
----------------	-------------------------	-----------------------------------

	<p>Risesetra fjernast i planforslaget, ny løysing tenleg for garden må lagast. Utmarksvegen til Risevatnet er gammal vegrett. Vegen frå Risevatnet/Lendingen vert avskoren/fjerna pga. ny fv. 614 i tunnel under Kruna. Delar av denne vegen må finnast ny løysing på og må utbetrast til å kunne køyre med store køyretøy som tener gardsdrifta. Turvegen til Risevatnet/Lendingen og Risesetra må framleis gå på utsida av gravplassen mot tunet på 38/4, som i dag.</p> <p>6. Vegar på Rise. Dei gamle vegrettane på Rise er ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til i planforslaget. Vegrettane er vesentlege for gardsdrifta og må takast omsyn til. Grunneigarane må sikrast tilgjenge til gardsområde på tenlege vegar for køyretøy, folk og dyr. Vegane må ivaretakast og ev. utbetrast, på ein måte som krev minst mogleg dyrka mark-areal.</p> <p>7. Lendingen. Forslag til aktivitetar ved Lendingen er ikkje drøfta med grunneigar. Friluftsløva må fylgjast òg i høve å gjere opp eld. Risevatnet er drikkevatt og vassressurs for fiskeanlegg. Vasskvaliteten kan ikkje forringast. Grunneigarane må ha fri tilgang til naust, molo og strandareal.</p> <p>8. Området ved Risesvingen. Det er positivt at den gamle vegen ved Risesvingen kan nyttast som parkeringsplass. Det bør prioriterast å lage mest mogleg parkeringsplassar (SPP2) for å erstatte den mellombelse parkeringsplassen (SPP3) ved Risevatnet.</p>	<p>andre vegforbindelsar i planen. Grunneigar skal framleis ha tilkomst til Lendingen og Risesetra frå garden. Dagens gardsvegar til utmarka er erstatta med f_SKV27-28 og o_GT1-4. Vegane er regulert til turvegar men Rise-gardane vil fortsatt ha tilkomst til områder de har tilkomst til i dag. Nye landbruksvegar på Rise er dimensjonert etter vegklasse 3 – landbruksbilveg og kan nyttast av / vil vere køyrbare for tømmerbil og landbrukskøyretøy.</p> <p>6. Ivaretaking av vegrettar på Rise er løyst i reguleringsplanen ved at eksisterande landbruksvegar er lagt om, slik at grunneigarar framleis har tilgang til utmarka. Konsekvensar for vegrettane løysast i samband med avtalar om grunnverv ved gjennomføring av reguleringsplanen.</p> <p>7. Reguleringsplanen vil ikkje sette til side føresegna i friluftsløva når det gjeld allmenheita sin tilgang og rettar til bruk i utmark, og dessutan føresegna om å gjere opp eld. Planen har føresegn som skal sikre vasskvaliteten i Risevatnet, og legg ikkje opp til anlegg som vil forverre kvaliteten i vatnet. Grunneigarar vil framleis ha fri tilgang til naust, molo og strandareal.</p> <p>8. Parkeringsplassane er gjort så store som mogleg, ut i frå føresetnadene på staden (terreng, tilkomst og skredfare).</p>
Kristoffer Rise Kvallestad	Likelydande merknad som Rakel Rise Hallset. Sjå oppsummering av innspel frå Rakel Rise Hallset.	Sjå kommentar til Rakel Rise Hallset.

	Oppsummering av fråsegn til offentlig høyring av planforslag	Side: 40 av 40 Dok.nr. Rev.: Dato 21.03.2024
--	---	---

Avsender, dato	Oppsummering av fråsegn	Vestland fylkeskommunes kommentar
---------------------------	--------------------------------	--